



Steinar Myklebust var 6 månader i saniteten i Gaza (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Frigjeringsdagen 8. mai skal frå 2011 også markerast som veterandag.
Ei arbeidsgruppe saman med kultursjefen
førebur markering i 3 bygder i Kvinnherad.**

**I Uskedalen vert det veterangudsteneste kl 14 og guida
kulturhistorisk busstur på strekninga Herøysundet - Uskedalen - Dimmelsvik.
Fokus er krigshendingane aprildagane 1940**

No spør vi om hjelp til å finna veteranar frå Uskedalen.
Namnelista i boka Kvinnheringar i krig fortel oss om nokon.

- * Av sjøfolka er det ingen som lever
- * Av dei som vart mobilisert april dagane 1940: Ingen lever
- * Av dei som var i mostandsrørsla, lever Thomas Eik.
Han budde i Norheimsund og var aktiv i illegalt arbeid i Kvam herad.

Av dei som har tenestegjort i Tysklandsbrigaden, er det truleg ingen att frå Uskedalen.
Så langt vi kjenner til var det ingen frå bygda som var med i Koreakrigen.

Derimot har vi nokre namn frå FN-teneste:

- * Gaza: Harald Raudstein og Steinar Myklebust.
- * Libanon: Endre Nilsen (1978/79, 1. og 2. kontingent) og Bjarne Lilleaas
- * Kosovo: Knut Inge Halvorsen

Dersom du har merknader eller kjenner andre veteranar frå Uskedalen, er vi takksame for om du melder frå til nettsida uskedalen.no eller Kristian Olav Bringedal (Mobil: 915 31 487)

Det er ikkje avgjerande om personen bur i bygda i dag.
Utflytte veteranar tel med på lista.